



Saksprotokoll

Organ: Kontrollutvalet

Møtedato: 29.08.2017

Sak nr.: 17/758-8
Internt l.nr. 32140/17

Sak: 30/17

Tittel: **Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 29. august 2017**

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Status Forvaltningsrevisjon v/Deloitte
 - a. FR Innkjøp

Revisor har no motteke mesteparten av etterspurd dokumentasjon frå administrasjonen, men den kom så seint at prosjektet er forsinka. Nytt leveringstidspunkt er satt til veke 44.

- b. FR Musea i Sogn og Fjordane (17/3313)

Stiftelsen har sagt seg villig til å stille opp til intervju og med dokumentasjon. Dokumentasjon er mottatt frå stiftelsen og frå fylkeskommunen. Leveringsdato 3. november består.

- c. Avklaring på spørsmål stilt i KU-møte 30. mai (Epost frå Løvlie 090617)

Teke til orientering.

2. Godkjenning av møtebøker i politiske utval (FU-sak 230817)

Kontrollutvalet vil følgje denne rutinen, men ved at alle møtande representantar godkjenner møteboka.

3. Invitasjon til møte med Statens Vegvesen ang. revisjon av fylkesvegrekneskap. (Sjå brev og e-post frå SF revisjon 280617)

Invitasjonen vart teken til orientering.

4. Informasjon frå FKT
 - a. FKT søker etter generalsekretær

Informasjonen vart teken til orientering.

5. Orientering frå leiar og kontrollsjef

- a. Program for fagsamlinga for dei fylkeskommunale kontrollutvala på Vestlandet 15. - 16. januar 2018 i Molde

Utvalet ga positive tilbakemeldingar til programmet.

- b. Status oppfølging av FR vedlikehald og inneklima

Det vart referert til e-post frå Bygge- og eigedomssjefen der det kom fram informasjon om at oppfølging vil bli gjennomført i løpet av hausten. Det er mest realistisk å rekne med tilbakemelding til kontrollutvalsmøtet 21. november. Informasjonen vart teken til vitande.

- c. Leiar i utvalet orienterte om generalforsamlinga i FKT gjennomført 7. juni i år.

Orienteringa vart teken til vitande

- d. Djuvik orienterte utvalet om kontrollutvalsdagen på Skei 15. juni. Det var mange positive tilbakemeldingar til denne konferansen. Dette bør bli eit årleg arrangement.

Orienteringa vart teken til vitande

- e. Det vart orientert om ei mediasak frå i sommar, der fylkesrådmannen i ein uttale, skal ha gitt uttrykk for at kontrollutvalet ikkje hadde vore kritisk til kontrollrutinane til fylkeskommunen vedr. innkjøp, og ville med det nytte utvalet som sanningsvitne. NRK tok kontakt med leiar i utvalet for å høyre om dette, og etter litt undersøking kunne Djuvik ringe opp att NRK for å opplyse om at dette ikkje var rett. Verken det førre eller noverande kontrollutval har vurdert eller uttalt seg om rutinane. Kontrollutvalet kan dermed ikkje brukast til å seie om rutinane er gode nok eller ei.

Orienteringa vart teken til vitande

- f. Kontrollsjefen vart bedt om skaffe til veie notat som SF revisjon IKS har utarbeidd på bakgrunn at stikkprøveundersøking av tilskot for å vurdere om dette kan vere grunnlag for ein forvaltningsrevisjon på området.